



Jan Frank Christiansen takkar for seg som AFA-leiar til sommaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det var 11 som søkte på jobben som dagleg leiar for AFA i Uskedalen etter Jan Frank Christiansen. De fleste av dei er frå Kvinnherad kommune, men det er også nokre frå andre stader.**

- Leiinga synes det er interessant med konkurranse utanfrå, og det kunne med fordel vore enda fleire søkjarar av denne kategori, seier Christiansen. Men Uskedalen.no har grunn til å tru at styret med Hans J. Berge i spissen har fått eit godt søkjarmateriale å arbeida med.

Kommunen er hovudaksjonær i pionerbedrifta AFA, som sysselset 24 yrkeshemma arbeidstakarar. Det skal haldast styremøte 21. november og då blir prosessen vidare bestemt. Like etter møtet kjem turen til ein intervjurunde med aktuelle kandidatar og målet er framleis at tilsettinga skal skje før jul.

Det tas sikte på ein overlappingsfase til våren slik at overgangen til den nye leiiinga kan gå så smidig for seg som mogleg. Christiansen vil så takka for seg til sommaren.

Av Ola Matti Mathisen